

Endre Valdersnes  
Isdalstøbakken 24  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5573 - 23/59937

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
24.07.2023

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/838 Alver

Tiltak: oppføring av tomannsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 137/838  
Tiltakshavar: Endre Valdersnes  
Ansvarleg sækjar: Majo Eignedom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.07.2023/12.07.2023.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er oppgitt avstand til vegmidte på kommunal veg på 15 meter. Det må gjerast greie for avstand til næraste vegmidte.

Vi ber om at tiltaket vert innteikna på nytt situasjonskart, som tydeleg viser avstand merket rødt pil på kart:



Dersom avstand er meir enn 15 meter, krev høvet dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg.

2. Tiltaket ligg i støysone, og det ligg føre støyvurdering kor det går fram at «alle krav til støy tilfredstilles forutsatt 1,2 m støyskjerm...» Det er også krysset av for Annet: «Støyskjerm mot veg» i søknaden. Administrasjonen legg til grunn at det skal oppførast støyskjerm, og ber om oppdaterte teikningar, samt målsett terrengprofilar.
3. Det er opplyst på situasjonsplan datert 11.02.2021 at «Skråning mot nabo (gbnr 137/765) og vei tilpasses på tomten», og at «Terreng tilpasses vei (Isdalstøbakken) på tomt». Vi ber om målsett terrengprofilar som syner høgd(er), og avstand(er).
4. Kotehøgd på møne må visast på teikning.
5. Terrengprofil, og kotehøgd på mur mot gbnr 137/ 765.
6. Terrengprofil, og kotehøgder på veg.
7. Minste uteoppholdsareal (MUA) skal gjerast greie for i m2 heile tall pr. bustadeining, jf. TEK17 § 5-6, andre setning.
8. Søknaden må supplerast med fasadeteikningar som syner terrenglinjer av eksisterande og framtidig planert terreng.
9. Det ligg føre naboerklæring med samtykke frå heimelshavar på gbnr 137/51 som gjer rett til å sprengje ut plass til garasje på nemnte eigedom. Garasje er også vist i situasjonsplanen. Søknaden må supplerast med målsett terrengprofilar som syner tiltaket. Vi gjer merksam på at det mogleg vil bli oppretta eigen sak på gbnr 137/51 dersom der skal gjerast tiltak.

Administrasjonen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Endre Valdersnes  
Majo Eigedom As

Isdalstøbakken 24  
Lindåsvegen 154

5916 ISDALSTØ  
5916 ISDALSTØ